

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **24. september 2013** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Jakob Alstveit.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, Kårstørommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 20.05
MØTANDE MEDLEMMER:	Jakob Alstveit (Sp), Laila R. Nemeth (A), Randi Rettedal (Frp) og Tormod Førland (H)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Hanna Marit Molland (A), 1. varamedlem
FORFALL:	Gunnar Egge (V)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Teknisk sjef Per Ørpetveit i sak 12/13
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Rettedal varsla sak under Eventuelt

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 11/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 28.05.13

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 28.05.13 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 24.09.13:

Sekretær og revisor gjorde merksam på nokre småfeil på side 1. Dette vil bli retta opp. Elles blei protokollen godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.09.13:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 28.05.13 blir godkjent med endringar på side 1.

SAK 12/13 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 24.09.13

17. Tilbakemelding til kontrollutvalet vedk. sak om kommunale utgifter v/teknisk sjef
18. Revisor Trond Kampen – overgang frå KPMG AS til Haugaland Kraft AS
19. Utgifter knytta til kontroll og revisjon – regnskapstall 2012 og 1. halvår 2013
20. Kommunebarometeret 2013
21. FKT- konferansen 2014 i Haugesund på Rica Maritim
22. Statusoversikt pr. september 2013
23. Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m. – eigenkontroll mv.
24. Kommunerevisoren nr. 3-13 «Antikorupsjon i kommunene – mer enn kontroll»
25. Handbok i antikorupsjon «Beskytt kommunen»

Handsaming i kontrollutvalet 24.09.13

Teknisk sjef gjekk igjennom notatet om kva som var gjort og skulle gjerast i tida framover innan kommunale avgifter. Mykje var rydda opp i frå i fjor, men det var ennå mykje igjen. Det er m.a. innført ny rutinar og skjema for røyrleggjarmelding og tilknytingsavgift. Det hadde vore mange klagar og møte etter skifte av firma for slamtømming. Feil ved fakturering i haust som skyldast dataproblem. Etter omorganisering er det no eige avdeling for veg og VA (vann og avløp). Avdelinga vil fortsette ryddearbeidet. Konsulentfirma er engasjert å lage kart over leidningar.

Utvalet peika på at det var viktig å ha ei innkrevjing som er rettferdig. For gamle «synder» blei amnesti nemnd som eit virkemiddel. Utvalet ønskte teknisk sjef tilbake om eit års tid for ei ny statusoppdatering.

Utvalet og han såg fram til forvaltningsrevisjonsrapporten om vedlikehald av bygg og anlegg, som var lova ferdig seinare i haust. Kommunen forvaltar her store verdiar.

Sekretær lova å sende ut meir opplysningar om kommunebarometeret.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.09.13:

Kontrollutvalet tar referatsakene 17 - 25 til orientering.

Kontrollutvalet ønskjer ny statusoppdatering om arbeidet med kommunale avgifter til fyrste møte hausten 2014.

SAK 13/13 BUDSJETT KONTROLL OG TILSYN 2014 – KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysvær kommune for 2014 vert på **kr 648.000 eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet	kr	74.000
Kjøp av sekretærtjenester	kr	164.000
Kjøp av revisjonstjenester	kr	410.000

Handsaming i kontrollutvalet 24.09.13:

Sekretær gjorde greie for budsjett-tala. Utvalet slutta seg til framlegget utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.09.13 og innstilling til kommunestyret:

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysvær kommune for 2014 vert på kr 648.000 eks mva fordelt på følgjande:

<i>Kontrollutvalet</i>	<i>kr</i>	<i>74.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester</i>	<i>kr</i>	<i>164.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester</i>	<i>kr</i>	<i>410.000</i>

SAK 14/13 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2013

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2013 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 24.09.13:

Revisor presenterte seg. Han blei partner i KPMG for eitt år sidan, etter 17 år i Deloitte. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.09.13:

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2013 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

SAK 15/13 OPPFØLGING AV REVISORS MERKNADER FOR ÅRSREKNEKAPSÅRET 2012

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Tysvær tar rådmannen sitt tilsvaer på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2012 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 24.09.13:

Utvalet sakna meir konkrete svar. Revisor peika på at merknadene knytte seg til område som kan bli betre, men ikkje er så alvorlege at dei har fått ei presisering. Områda vil uansett bli vurdert på nytt ved neste revisjon. Utvalet ønskte dette presisert i vedtaket.

Utvalet meinte kommunen hadde for mange byggesaker med avvik mellom budsjett og rekneskap og ønskte i fyrste omgang og sjå nærare på sak om retningsliner for dette.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.09.13:

Kontrollutvalet i Tysvær tar rådmannen sitt tilsvaer på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2012 til orientering.

Kontrollutvalet vil be revisor følgje opp sine merknader i brev nr 1 – 2012 ved revisjon av årsrekneskapen for 2013.

Kontrollutvalet ønskjer framlagt tidligare sak om retningsliner for etterleving og oppfølging av byggeprosjekter til neste møte.

SAK 16/13 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2013

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar presentasjonen av revisjonsplan for rekneskapsåret 2013 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 24.09.13:

Revisor gjekk igjennom utsendt plan. Han nemnde spesielt erfaringane frå fjorårets revisjon og fokusområda i årets revisjon. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.09.13:

Tysvær kontrollutval tar presentasjonen av revisjonsplan for rekneskapsåret 2013 til orientering.

EVENTUELT

Kontroll av kraftselskap

På bakgrunn av oppslag i media om granskinga av Troms Kraft AS og dotterselskapet Kraft& Kultur med tap på 1,5 milliard, stilte Randi Rettedal spørsmål om det same kunne skjedd på Haugalandet.

I rapporten er det vist til sviktande kontrollruinar og manglande styrekompeanse. Etter lovending frå 01.07.13 i KL § 80 om innsyn og undersøking i selskap vil denne også omfatte heileigde aksjeselskap. Utvalet meinte det var viktig og følgje med, både for kontrollutval og eigarrepresentantane til generalforsamlinga, og at styret vert kursa i styrearbeid.

Haustkongressen 2013

Dato er sett til 07.11.13 i Sandnes. Medlemmane blei oppmoda til å delta. Frist for påmelding er 23.10.13.

Neste møte: tysdag **12. november**, kl. 18.00

Aksdal, 24. september 2013

Jakob Alstveit (sign.)
Utvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær